

## Bærekraftig restaurering

I Dale har ungdomshuset Trudvang vorte restaurert i sin heilskap utvendig. Vi tok til med skifertaket, og valde å restaurere det, trass manglande og øydelagd stein, og roteskadar på spikerslag i valmane på taket. Største del av taket er fra 1932, til i dag har det ikkje slept inn vatn av øydeleggjande karakter.

Skikkeleg bærekraftig fakta:

Viste du at det er venta at eit tak tekka med godt handverk og stein av kvalitet kan halde i minst 100 år? <sup>1</sup>

Vår rettesnor i valga frametter baserte seg mykje på kva som skulle til for å få tilsagn av Statens Kulturminnefond, å utføre i tråd med deira vilkår skapar eit bærekraftig resultat.

Det har vorte ein del undersøkingar, men det var verdt det og vi vel å trekkje fram litt om isolasjon. Historia i tidlegare tildelingar fra Statens Kulturminnefond tilsa at vår innstilling var at vi ikkje kom til å motta midlar til isolering, men tenk det fekk vi! Med god begrunning fra oss basert på undersøking av fleire typar isolasjon med fokus på varmeevne, materiale, transport og produksjon fall det på Hunton sin trefiberisolasjon.

Det å tilbakeføre huset sin stil , gjenbruke, nytte virke fritt for kjemikalier fra lokal skog og sagbruk, hyre utførande handverkarar fra nærområdet, og ikkje minst bruke ekte linoljemåling på uhøvla kledningsbord vart også viktige faktorar i prosessen mot eit ferdig restaurert ungdomshus.



Ikkje alle har prosjekt som tilseier at ein kan søkja til portalar som til dømes Statens Kulturminnefond, men ein kan eventuelt nytte seg av det som passar for dykkar hus.

Ein annan måte å tenkje på og gjennomføre eit prosjekt med bærekraftige tiltak er avfallshandtering og levering til godkjend miljøstasjon og eller la andre nytte seg av det som skal kastast. Nøkkelen er bygdesamarbeid, ein modell vi likar særst godt. Ein kan kvitte seg med avfallet ved å enkelt annonsere på sosiale media etter fyrstemann til mølla-prinsippet, som regel vert noko gjenbrukt ein annen stad. Vindauger blir til minidrivhus, skiferkapp kan nyttast til topping på utekrukker, plankerestar fekk barnehagen til å lage fuglekasser og julegåver av, medan nokre gitar som gjekk forbi ville lage seg skjærefjøl, heilt topp med høvla material og mindre arbeid med pussepapiret!



Lukke til med dykkar prosjekt!

Ida Søderstrøm for Dale Ungdomslag

Kjelde:

1. Hus & Bolig, Medlemsbladet til Huseiernes Landsforbund